



Til
Lindås kommune
v/rådmannen

5914 ISDALSTØ

Seim, 11. mars 2011

LEIGEKONTRAKT REKVISITALAGER FOR HÅKONARSPELET

Styret i Stiftinga Håkonshaugen har motteke brev frå Johannes Rydland, datert 20.1.2011, der han bed om at Stiftinga skriv ny leigeavtale for rekvisitalageret med den nye eigaren, Halvard Rydland.

Med utgangspunkt i at Stiftinga ikkje har driftsinntekter og difor ikkje kan binda seg opp til faste utgifter, vedtok Stiftinga i styremøte 27.1.2011 å be Lindås kommune inngå avtale med Hallvard Rydland og betala leige for 2011 direkte til Hallvard, utan å gå om Stiftinga.

Elles kan vi opplysa at lagerleiga til Johannes Rydland for 2010 var **kr 12 000** for varmlageret og vart betalt av Stiftinga. Det vart ikkje betalt noko for kaldlageret, som i 2010 vart flytta til Terje Hopland, der det er inngått ny leigeavtale mellom utleigar og Stiftinga, under føresetnad av at kommunen refunderer leigesummen etter søknad. Det fungerte for 2010/2011, men styret meiner det er ein tungvint måte å driva på, og at leigeavtalen også der burde vore mellom utleigar og Lindås kommune. Varmlageret med kostymer o.a. er framleis hjå Rydland og kjem i bruk under Håkonarspelet i august i 2011.

Med venleg helsing
for Stiftinga Håkonshaugen

Sissel-Anny Hjelmtveit
leiar

Kopi til: Johannes Rydland

Vedlegg: - brev frå Johannes Rydland frå 20.1.2011
- faktura frå Johannes Rydland frå 14.1. 2010
- leigekontrakt 11. januar 03